



Innst. 147 S

(2009–2010)

Innstilling til Stortinget frå energi- og miljøkomiteen

Dokument 8:32 S (2009–2010)

Innstilling frå energi- og miljøkomiteen om representantforslag frå stortingsrepresentantane Bjørn Lødemel, Nikolai Astrup, Øyvind Halleraker, Ivar Kristiansen og Siri Meling om å setja ned eit ekspertutval for å greie ut framtidas teknologi for framføring av elektrisk straum

Til Stortinget

Samandrag

Følgjande framlegg framsettast i dokumentet:

«Stortinget ber regjeringa oppnemne eit fagleg utval som skal gå gjennom ulike teknologiske løysingar som kan gje ei sikker og meir skånsam kraftoverføring gjennom sårbare naturområde i framtida, herunder bruk av jord- og sjøkabel, og leggje fram sine tilrådingar for Stortinget innan utgangen av 2011.»

Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Per Rune Henriksen, Marianne Marthinsen, Torstein Rudihagen, Tor-Arne Strøm og Eirin Kristin Sund, frå Framstegspartiet, Oskar Jarle Grimstad, Ketil Solvik-Olsen og Tor Sigbjørn Utsogn, frå Høgre, Nikolai Astrup, Bjørn Lødemel og Siri A. Meling, frå Sosialistisk Venstreparti, Snorre Serigstad Valen, frå Senterpartiet, leiaren Erling Sande, og frå Kristeleg Folkeparti, John Thune, viser til Representantforslag 32 S (2009–2010).

Komiteen viser til forslaget hvor det påpekes at vi står foran en periode med behov for vesentlige investeringer i sentralnettet. Dette er nødvendig både av hensyn forsyningssikkerheten og for å legge til rette for utbygging av fornybar energi. Samtidig er det viktig at denne utbyggingen og opprustingen av kraftledningsnettet gjøres så skånsomt som mulig av hensyn til andre miljø- og samfunnsinteresser.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet, viser til brev til komiteen fra statsråd Terje Riis-Johansen datert 21. januar 2010, hvor han viser til Ot.prp. nr. 62 (2008–2009). Der ble det lagt frem en strategi for økt hensyn til miljø, estetikk og lokalsamfunn i kraftledningssaker. Denne ble vedtatt av et samlet storting i juni 2009. Til grunn for strategien lå en grundig gjennomgang av hvordan kraftledninger planlegges og konsesjonsbehandles, og en evaluering av hva som kunne gjøres enda bedre. Utvikling av ny overføringsteknologi og hvordan dette følges opp, ble også vurdert. Videre vises det til at statsråden legger til grunn at NVE til enhver tid holder seg oppdatert på teknologiutviklingen og det arbeidet Statnett og andre nettselskaper gjør i samarbeid med leverandørindustrien, forskningsmiljø og andre tiltakshavere.

Et annet flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Fremskrittspartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet, viser til at både gjennom saksbehandling av enkeltsaker og gjennom FoU-prosjekter, bidrar NVE aktivt til å fremme løsninger for fremtidens kraftoverføring. FoU-prosjekter initiert av NVE har allerede medført mer bruk av kamuflerende tiltak. Gjennom konsesjonsvilkårene bidrar NVE til utvikling av nye løsninger og FoU-prosjekter i regi av bransjen.

NVE er også deltaker i prosjekter som ser på ulike biologiske og økologiske aspekter ved kraftledningsbygging for å finne frem til miljøtilpassede løsninger. Når det gjelder FoU-aktiviteter vises det også til kraftledningsstrategien i Ot.prp. nr. 62 (2008–2009), som omtaler prosjekter under RENERGI og Centre for Environmental Design of Renewable Energy (CEDREN).

Dette flertallet viser til at i kraftledningsstrategien er det understreket at Statnett og andre nettselskaper skal være pådrivere for utvikling og kvalifisering av ny teknologi. Samtidig må viktige sentralnettsforsterkninger baseres på teknologi som er tilstrekkelig kvalifisert og hvor risikoen for feil er akseptabel.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet, støtter statsrådets vurdering at intensjonen i forslaget er ivarettatt gjennom det arbeidet som NVE, Statnett, andre norske nettselskaper og FoU-miljøer utfører, og ser ikke behov for å opprette et nytt utvalg på dette området.

Medlemene i komiteen frå Høgre og Kristeleg Folkeparti meiner at ein bør nytte den planlagde utbygginga av sentralnettet til å utvikle og prøve ut ny teknologi som kan gje ein meir skånsam kraftoverføring gjennom sårbare naturområde, på same tid som forsyningssikkerheita blir teken vare på. Det føregår mykje spennande teknologiutvikling når det gjeld kablar, både når det gjeld kapasitet og pris, og det er viktig å sende klare signal til desse miljøa/bedriftene om at det vil bli stort behov for betre kabelteknologi raskt. Ei storstilt utbygging av eit supernett i Nordsjøbassenget og eventuelt langs norskekysten vil gje grunnlag for store investeringar i framtida.

Medlemene i komiteen frå Framstegspartiet, Høgre og Kristeleg Folkeparti er ikkje i tvil om at det er mykje kunnskap i NVE på dette området. Desse medlemene meiner likevel at det vil vere nyttig også å kunne trekke på ekstern kunnskap frå mellom anna private bedrifter på dette området.

Som døme på teknologiutviklinga viser desse medlemene mellom anna til at høgaste spenningsnivå for PEX sjøkabelsystem var på 170 kV fram til 2006. No er høgaste spenningsnivå på PEX sjøkablar 420 kV. Desse medlemene er kjende med at Nexans er i ferd med å langtidsteste fleksible skøyter på 400 kV-nivå. Når dei er tilgjengelege vil ein starte å bruke teknologien kommersielt. Storskala-bruk av

denne kabeltypen ligg nokre år fram i tida, men for at slike løysingar skal takast i bruk om nokre år må ein planlegge dette i dag, sidan endring av sentralnettet krev langtids planlegging. Reint teknisk vil ein kabel innskoten i ein lang luftlinje forbetre overføringssegenskapane på grunn av at kabelen kan kompensere luftlinja og omvendt.

Desse medlemene meiner at regjeringa er altfor passiv på dette området. Desse medlemene er glade for at olje- og energiministeren i Ot.prp. nr. 62 (2008–2009) la fram ein strategi for auka omsyn til miljø, estetikk og lokalsamfunn i kraftleidningssaker, som desse medlemene slutta seg til. Desse medlemene vil peike på at denne strategien vart lagt fram etter eit representantforlag frå Høgre. Desse medlemene meiner likevel at dette ikkje er nok for å sikre eit framtidsretta kraftnett i Noreg og mellom Noreg og våre naboland.

Desse medlemene vil peike på at ei viktig overføringslinje til utlandet, Nor-Ned-kabelen, for tida er ute av drift, og til problema med Oslofjordforbindelsen siste åra. Desse medlemene vil også peike på at det i konsesjonshandsaminga av dei nye 420 kV-linjene på Vestlandet blir vist til, både frå Statnett og NVE, at kabelteknologien er for dårleg og usikker til å kunne nytte dette alternativet for framføring av kraft i desse områda. Det syner etter desse medlemene si meining at vi treng å utgreie betre kabelteknologi som kan gje sikrere straumforsyning og større kapasitet til konkurransedyktig pris.

Det bør derfor etter desse medlemene si meining opprettast eit fagleg utval som er samansett av mellom anna representantar for kabelprodusentar, forskingsmiljø og Statnett SF for å gå gjennom nye teknologiske løysingar som kan takast i bruk i framtidas kraftnett. Desse medlemene vil understreke at oppretting av eit slikt utval ikkje skal gå på kostnad av nødvendig utbygging av sentralnettet for mellom anna å sikre forsyningstryggleiken for elektrisk straum.

Desse medlemene tek opp forslaget framsett i Dokument 8:32 S (2009–2010).

Forslag frå mindretal

Forslag frå Framstegspartiet, Høgre og Kristeleg Folkeparti:

Stortinget ber regjeringa oppnemne eit fagleg utval som skal gå gjennom ulike teknologiske løysingar som kan gje ei sikker og meir skånsam kraftoverføring gjennom sårbare naturområde i framtida, herunder bruk av jord- og sjøkabel, og leggje fram sine tilrådingar for Stortinget innan utgangen av 2011.

Tilråding frå komiteen

Komiteen har elles ingen merknader, viser til representantforslaget og rår Stortinget til å gjere slikt

v e d t a k :

Dokument 8:32 S (2009–2010) – representantforslag frå stortingsrepresentantane Bjørn Lødemel, Nikolai Astrup, Øyvind Halleraker, Ivar Kristiansen og Siri Meling om å setja ned eit ekspertutval for å greie ut framtidens teknologi for framføring av elektrisk straum – vedlegges protokollen.

Oslo, i energi- og miljøkomiteen, den 11. februar 2010

Erling Sande

leiar

Marianne Marthinsen

ordførar

Vedlegg

Brev frå Olje- og energidepartementet v/statsråden til energi- og miljøkomiteen, datert 21. januar 2010

Vedrørende Representantforslag 32 S (2009–2010) om nedsettelse av et ekspertutvalg for å utrede fremtidens teknologi for fremføring av elektrisk strøm

Jeg viser til Rep.forslag nr. 32 S (2009–2010) fra stortingsrepresentantene Bjørn Lødemel, Nikolai Astrup, Øyvind Halleraker, Ivar Kristiansen og Siri Meling oversendt 18. desember 2009. Representantene fremmer følgende forslag:

Stortinget ber Regjeringa oppnemne eit fagleg utval som skal gå gjennom ulike teknologiske løysingar som kan gje ei sikker og meir skånsam kraftoverføring gjennom sårbare naturområder i framtida, herunder bruk av jord- og sjøkabel, og leggje fram sine tilrådingar for Stortinget innan utgangen av 2011.

Som representantene påpeker står vi foran en periode med behov for vesentlige investeringer i sentralnettet. Dette er nødvendig både av hensyn til forsynings sikkerheten og for å legge til rette for utbygging av fornybar energi. Samtidig er det viktig at denne utbyggingen og opprustingen av kraftledningsnettet gjøres så skånsomt som mulig av hensyn til andre miljø- og samfunnsinteresser. Derfor la jeg i Ot.prp. nr.62 (2008–2009) frem en strategi for økt hensyn til miljø, estetikk og lokalsamfunn i kraftledningsaker. Denne ble vedtatt av et samlet Storting gjennom Innst. O. nr. 104 (2008–2009) og Besl. O. nr. 107 (2008–2009) i juni 2009. Til grunn for strategien lå en grundig gjennomgang av hvordan kraftledninger planlegges og konsesjonsbehandles, og en evaluering av hva som kunne gjøres enda bedre. Utvikling av ny overføringsteknologi og hvordan dette følges opp ble også vurdert.

Jeg legger til grunn at NVE til enhver tid holder seg oppdatert på teknologiutviklingen og det arbeidet Statnett og andre nettselskaper gjør i samarbeid med leverandørindustrien, forskningsmiljø og andre tiltakshavere. Statnett deltar i en rekke kabelutviklingsprosjekter i samarbeid med både FoU-miljøer og kabellleverandører, samt er aktive i internasjonale

fora. Jeg merker meg at Statnett i konkurranse med andre har blitt valgt ut som leverandør av konsulent-tjenester til eksterne kabelprosjekter i utlandet. Ormen Lange er også et eksempel på at Statnett og norske miljøer hevder seg innen kabelteknologi. Her ble verdens første 420 kV plastisolerte (PEX) kabel lagt.

Både gjennom saksbehandling av enkeltsaker og gjennom FoU-prosjekter, bidrar NVE aktivt til å fremme løsninger for fremtidens kraftoverføring. FoU-prosjekter initiert av NVE har allerede medført mer bruk av kamuflerende tiltak. Det kan nevnes spesielt at Statnett og BKK har startet arbeid med å utvikle landskapstilpassede master. Gjennom konsesjonsvilkårene bidrar NVE til utvikling av nye løsninger og FoU-prosjekter i regi av bransjen. Et eksempel på dette er bruk av mindre synlige isolatorer. NVE er også deltaker i prosjekter som ser på ulike biologiske og økologiske aspekter ved kraftledningsbygging for å finne frem til miljøtilpassede løsninger. Når det gjelder FoU-aktiviteter vil jeg også vise til kraftledningsstrategien i Ot.prp.nr.62 (2008–2009) som omtaler prosjekter under RENERGI og Centre for environmental design of renewable energy (CEDREN).

Utvikling i teknologi for kraftoverføring gir nye muligheter innen mer skånsom fremføring av kraftlinjer. Samtidig er det som forslagstillerene selv påpeker viktig at dette arbeidet ikke går på bekostning av nødvendig utbygging av nettet bl.a. av hensyn til forsynings sikkerhet. I kraftledningsstrategien er det understreket at Statnett og andre nettselskaper skal være pådrivere for utvikling og kvalifisering av ny teknologi. Samtidig må viktige sentralnettsforsterkninger baseres på teknologi som er tilstrekkelig kvalifisert og hvor risikoen for feil er akseptabel. Utviklingen på dette området må gjøres trinnvis og med et langsiktig perspektiv.

Min vurdering er at intensjonen i forslaget er ivarettet gjennom det arbeidet som NVE, Statnett, andre norske nettselskaper og FoU-miljøer utfører. Jeg ser ikke behov for å opprette et nytt utvalg på dette området.